



Bømlo kommune

Kommuneplan Bømlo; arealdelen 2013 - 2025

Planomtale

Utval for areal og samferdsel 06.03.2013 sak 47/13
Kommunestyret 18.03.2013 sak 13/13

Dokument dato: 20.03.2013



Innhald

1	Bakgrunn og grunnlag for arbeidet	4
1.1	Planprosess	4
1.2	Organisering	4
1.3	Medverknad	5
1.4	Handsaming av innspel og merknadar	5
1.5	Prioritering og målsetting i arealdelen	6
1.6	Vidare arbeid	7
1.7	Kommunedelplanar, reguleringsplanar	8
2	Metode	9
2.1	Konsekvensutgreiing	9
2.2	ROS-analyse	9
2.3	Plankart	10
3	Lovgrunnlaget, statlege-, regionale- og kommunale føringar	11
4	Viktige tema i planarbeidet	12
4.1	Utbyggingsstruktur: Bustadområde og LNF-spreidd bustad	12
4.2	Næringsverksemd	13
4.3	Hytteutbygging	13
4.4	Samferdsel	14
4.5	Strandsone	15
4.6	Kulturmiljø og kulturlandskap	18
4.7	Friluftsliv	19
4.8	Folkehelse	21
4.9	Barn og unge	21
4.10	Naturmangfald	22
4.11	Landbruk	23
4.12	Overordna og generell ROS-analyse	25
	Vedlegg til planomtalen	28

1 Bakgrunn og grunnlag for arbeidet

Gjeldende kommuneplan vart vedteken i kommunestyret 03.04.2006. I samband med handsaming av denne planen vart det ytra ynskje om at kommuneplanen skulle rullerast innan 2 år. Planprogram for rulling av kommuneplanen vart samrøystes vedteke i kommunestyret 15.12.2008 sak 141/08.

Prioritering og målsetting i arealdelen

- Attraktive nærmiljø
- Vera ein attraktiv kommune for tilflytting og nyetablering av næringsaktivitet
- Tilgang/nærleik til sjø skal vera ein sentral attraksjon for å auka busetnad på Bømlo
- Ivareta natur- og kulturverdiar som er særigne for Bømlo og styrkje lokal identitet
- Tilrettelegge for meir fysisk aktivitet og sosial kontakt (attraktiv)

Som ein del av kommuneplanen er det laga konsekvensutgreiing, samt risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse). I denne ROS-analysen er det utarbeida nye akseptkriterier som bør leggjast til grunn for all arealplanlegging i Bømlo. Tidlegare vedtekne akseptkriterier til bruk i ROS analysearbeidet i arealplanlegging og anna planarbeid vedtekne i kommunestyret 30.01.2011 vert endra i samsvar med desse, jf. kap 2.2.

1.1 Planprosess

Planprogrammet definerer dei formelle føringane og rammene for planarbeidet. Vedteke planprogram er det viktigaste, kommunale styringsdokumentet i høve revisjon av kommuneplanen arealdelen. Her er det definert kva for tema ein skal ha særskilt fokus på, kva for tema som skal utgreiast og reviderast, og det er definert kva for kunnskap ein har trong for å erverva seg i samband med planarbeidet. Det er vidare definert korleis planprosessen skal gjennomførast.

Oppstart av kommuneplanarbeidet vart annonsert i pressa og på kommunen si internettside i januar 2009. Høyringsfristen på innspel til kommuneplanen vart vedteke utsett til 01.09.2009.

Det kom inn om lag 700 innspel i høyringsperioden. Framlegg til ny kommuneplan vart lagt fram til politisk handsaming i Utval for areal og samferdsel 25.05.2011, 14.06.2011 og 31.08.2011. På møte 31.08.2011 vart det gjort vedtak om at framlegg til ny kommuneplan for Bømlo kommune 2012-2024 skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen var lagt ut i perioden 06.01.2012-17.02.2012. Konsekvensutgreiing, planomtale, ROS m.m. vart utarbeidd etter høyringa, og på grunn av dette vart planen sendt på ei avgrensa høyring til alle offentlege etatar. Høyringsperioden var 01.08-17.09.2012. Konsekvensutgreiinga for enkeltareal er basert på tilråding frå administrasjon og politisk vedtak, og konklusjonane vart ikkje endra i høve til høyringsperioden januar-februar 2012. Konsekvensutgreiinga er berre for areal som er positivt tilrådd, det vil sei nye areal i plankartet.

1.2 Organisering

I planprogrammet vart organisering av arbeidet med kommuneplanen fastlagt:

Ansvar: Prosjektansvarleg: Rådmann Sverre Olav Svarstad

Prosjektleder: Terje Kallekleiv

Styringsgruppe:

- Sverre Olav Svarstad, rådmann
- Rigmor Svanberg, kommunal sjef
- Knut Martens kommunal sjef
- Toralf Meling Teknisk sjef
- Magne Raknes nærings sjef

- Bjørn Rhoar Sortland, brannsjef
- Aud Gunn Løklingholm- org.sjef
- (Terje Kallekleiv - koordinator)

Prosjektgruppe/Arealgruppe:

Terje Kallekleiv, prosjektleiar. Toralf Meling, Teknisk sjef. Nils Kåre Nysæter, rådgjevar. Njål G Slettebø, landbruksjef. Elisabeth Gjerde, avd.ingeniør.

Referansegrupper:

Utval for areal og samferdsel, eldrerådet, ungdomsrådet, idrettsrådet, Friluftsrådet Vest, Sunnhordland Fiskarlag, Kystfiskarlaget avd. Sunnhordland, Naturbruksutvalet, Bømlo Bondelag, Bømlo Bonde- og Småbrukarlag, Bømlo Næringsråd, Bømlo Vatn- og avløpsselskap AS, Kyrkjeleg fellesråd, Rådet for likestilling av funksjonshemma, Sunnhordland Ornitologiske foreining, Sunnhordland botaniske foreining, Bømlo Jakt og Fiskelag og Naturvernforbundet Bømlo.

1.3 Medverknad

I samband med kunngjort oppstart av planrevisjon i 2009 vart det halde informasjonsmøte/kontaktmøte med alle grendeutvala i kommunen. Her deltok representantar frå administrasjonen og politikarar. Det var møte med Rolfsnes grendalag, Meling Krinslag, Grendautvalet for Svortland krins, Goddo Grendalag, Brandasund grendalag, Rubbestadneset grendautval, Moster grendautval, Våge grendautval, Gilje grendautval, Folderøy grendalag og Langevåg grendalag og Espevær grendalag. Grendeutvala vart oppmoda om å koma med innspel til kommuneplanen, og dei fleste grendeutvala har hatt grundig prosess i sine krinsar og kome med verdifulle innspel til arealdelen til kommuneplanen. Det vart i tillegg sendt ut informasjonsark til alle husstandane i kommunen, med informasjon om prosess og oppmoding om å kome med innspel til kommuneplanrevisjonen.

Det har vore eige drøftingsmøte med oppdrettsnæringa og fiskarlaga om nye akvakulturområde og endring av akvakulturområda som er det er gjort framlegg om i ny kommuneplan. Her deltok også representantar frå Hordaland Fylkeskommune. Dei akvakulturområda som fiskarlaga meinte var i konflikt med viktige trålfelt er ikkje teke inn i planframlegget.

Akvator AS har utvikla PlanGIS som ei nettbasert kartløyising for presentasjon av analysar, rapportar og planarbeid. Bømlo kommune har bestilt denne tenesta til offentleg ettersyn av kommuneplanen. PlanGIS er eit verktøy der all relevant informasjon knytt til kommuneplanprosessen er systematisert og gjort tilgjengeleg for ålmenta og høringsinstansar. PlanGIS koplar arealendringar i plankartet/innspel med tilhøyrande konsekvensutgreiing, med all kartfesta temainformasjon, som t.d. biologisk mangfald og kulturminne. Brukarar av PlanGIS kan dermed interaktivt hente ut relevant informasjon og samanstillje ulike temakart. PlanGIS for Bømlo er tilgjengeleg på stasjonære og mobile plattformar som datamaskin, smarttelefonar og lese Brett.

1.4 Handsaming av innspel og merknadar

Det kom inn om lag 700 innspel ved oppstart til revisjon av kommuneplanen. Gjennomgang av alle innspela er gjort i samarbeid mellom administrasjon og politisk utval, jf. kapittel om planprosess. Av desse er om lag 220 innspel innpassa i revidert kommuneplan som blei lagt til offentleg høyring i 2012.

I samband med 1.gongshøyring, jan-feb. 2012, og utvida høyring kom det inn om lag 450 nye innspel og merknadar til planen som var framlagt. Kvar enkelt innspel/merknad er vurderte og ein del teke til følgje og dei fleste til etterretning. Kommunen har valt å ikkje legge til rette for nye areal eller

gjere endringar som med fører ny høyring av planen, og på bakgrunn av dette er dei fleste merknadane berre teke til etterretning.

1.5 Prioritering og målsetting i arealdelen

Kommunen har sett opp liste over kva dei ønskjer å prioritere i rullering av arealdelen, samt målsettingar. Desse prioriteringane og målsettingane er nytta som bakgrunn for vurdering av arealinnspeil og som argumentasjon for endringar gjort i plankartet.

Kommunen ønsker å legge til rette for:

- Attraktive nærmiljø
- Vera ein attraktiv kommune for tilflytting og nyetablering av næringsaktivitet
- Tilgang/nærleik til sjø skal vera ein sentral attraksjon for å auka busetnad på Bømlo
- Ivareta natur- og kulturverdiar som er særneigne for Bømlo og styrkje lokal identitet
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet og sosial kontakt (attraktiv grøstruktur/stiar og friluftsområde, idrett og sosiale samlingsplassar)
- Berekraftig utvikling
- Rasjonell infrastruktur
- Utarbeiding av områdeplanar for delsentra og viktige allmenne identitetar/lokalitetar

Basert på dette er 11 punkt lagt som grunnlag for vurderingar og prioriteringar i arealdelen. Det 11 punkta er som følgjer:

1. Lokale identitetar i Bømlo som me har prøvt å ta vare på har vore:

- a. Inngangsportalen til Bømlo (landskapsverdiar langs riksvegen Spissøy -Gassasundet)
- b. Området Røyksundkanalen og Kulleseidkanalen som svært viktig friluftsområde
- c. Området ved Moster amfi, Moster gamle kyrkje, religionshistorisk senter og steinrike Bømlo som eit av fyrtårna i reiselivet og kulturlivet på Bømlo
- d. Brandasund kulturmiljø. Hiskjø kulturlandskap/biologisk mangfald
- e. Siggjo- friluftsområde
- f. Espevær med sine unike kulturmiljø som hummarpark og Baadehuset m.m.

2. Lokale identitetar må bevarast og bør utviklast gjennom aktiv bruk. Styrking av lokal identitet for fastbuande. Særleg gjeld dette: Lokale verdiar/område, kulturobjekt, lokale turområde og grøstruktur, badeplassar, samlande møteplassar, landskapskarakter (spesielt unngå nedbygging av høgdedrag).

3. Friluftsliv er viktig- og blir viktigare. Satsing på friluftsliv og leggja tilhøva best mogleg til rette for fysisk aktivitet i arealplanlegginga. Ein har prøvt å ta vare på samanhengande grøstruktur i og nær bustadområda i kommunen. Det har vore viktig å ta vare på større område som ikkje er utbygd. Sikring av ubebygde holmar, øyar og skjær for ålmenta har vore ei viktig målsetting i planarbeidet. Det er lagt vekt på at desse fortsatt skal vere LNF-område.

4. Større grad av sentralisering av bustadbygginga (kommunesenter og delsentra)

Argumentasjonen er at det samfunnsøkonomisk er ynskjeleg å legge til rette for bustadbygging der infrastruktur som veg, vatn, avløp, skule, nærmiljøanlegg er på plass. I tillegg kjem omsyn til klimagassutslepp, bevaring av natur og ta best vare på kjerneområde landbruk. Utbygging bør skje gjennom områdeplan og detaljplanar.

5. Sikra tilstrekkeleg næringsareal. Næringsaktivitet må ha prioritet og ha tilgang på eigna areal. Særleg har ein sett at det er viktig å legge til rette for utviding av eksisterande industriområde og finne nytt næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar.

6. Bidra til tilflytting til lokalmiljø der fråflytting er ei utfordring - men utan at lokale kvalitetar går tapt. For å styrka delsentra har me prøvt å legge til rette for attraktive bustadfelt i alle delsentra.

7. Nye fritidsbustader må bort frå strandsona. Bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med evt. fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde må sikrast innbyggjarane. Ei viss fortetting i eksisterande område for føremålet kan likevel vera aktuelt. Dei statlege retningslinene opnar for ei sterkare geografisk differensiering slik at byggjeforbodet vert praktisert strengast i sentrale område der presset på areala er stort. Bømlo kommune er plassert i sone 3, som opnar for utbygging i større grad enn sone 1 og 2. Særleg er det opna for interesser knytt til næringsutvikling. Innspel som gjeld fortetting i allereie utbygde naust/orbuområde til reiseliv/næring er innpassa.

8. Dyrka eller dyrkbare areal må ikkje byggjast ut. Som ein del av landbruksplanen vart det utarbeida eit oversiktskart over kjerneområde landbruk på Bømlo. For å unngå utbygging av dei mest verdifulle landbruksområda har ein lagt stor vekt på å ikkje opna for utbygging bustad/hytter i kjerneområde for landbruket.

9. Kulturhistorie er viktig. Kulturvern gjennom bruk. For å ta vare på verneverdige bygningar, som ofte ligg i strandsona, er det viktig at desse bygningane kan brukast til næringsaktivitet. Verneverdige sjøbruksmiljø er lagt inn med omsynssone *bevaring kulturmiljø* (H570).

10. Verdifullt kulturlandskap er også lagt inn som omsynssone *bevaring kulturmiljø* (H570). Det er i planen sett av 10 område med verdifullt kulturlandskap.

11. Naturmangfaldslova. Bømlo kommune fekk i 2003 gjennomført kartlegging av naturtypar og viltkartlegging. Ved utarbeiding av ny kommuneplan har me lagt stor vekt på å ta vare på område som er sett av som svært viktige og viktige viltområde. Det same gjeld område som er registert som svært viktige og viktige naturtypar.

1.6 Vidare arbeid

Når det gjeld kulturminne har ein basert seg på allereie kjend kunnskap. Bømlo kommune ønskjer å utarbeide ein eigen kulturminneplan. Ein har erkjent at dette vil vere for ressurskrevjande til å kunne gjennomførast i samband med kommuneplanprosessen som gjeld revisjon av arealdelen. Dette arbeidet må derfor vurderast i samband med utarbeiding av ny planstrategi for Bømlo kommune.

Bømlo kommune har i denne planrulleringa ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet og ressursar til å kartlegge heile strandsona i kommunen. Kommunen deltek aktivt i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt om strandsona i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Dette arbeidet har levert ein forstudie som fokuserer på metode knytt til kartlegging av funksjonell strandsone (2010). Forstudiet legg grunnlag for utarbeiding av ein interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland, som er eit pilotprosjekt støtta av Miljøverndepartementet. Kommunane i Sunnhordland som deltek i arbeidet med interkommunal strandsoneplan har vedteke planprogram for dette arbeidet (2012). Bømlo kommune vil koordinera vidare arbeid med strandsona i regi av interkommunal strandsoneplan.

Kommunen ønskjer utarbeiding av områdeplanar for delsentra og viktige allmenne identitetar/lokalitetar. I planperioden bør Svortland prioriterast først, deretter Røyksundkanalen og Kulleseidkanalen/Bærøyfjorden.

Det er snart 10 år sidan viltkartlegginga vart gjennomført i 2003. Ein bør difor starte opp arbeidet med ei ny viltkartlegging for å ha eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg til å vurdere sakene i høve til krava i naturmangfaldslova.

1.7 Kommunedelplanar, reguleringsplanar

1.7.1 Kommunedelplan Bremnes

Kommunestyret vedtok Kommunedelplan Bremnes område 29.04.1996. Som ein del av ny kommuneplan vert kommunedelplanen oppheva.

Planen femner om gardane rundt Storavatnet Svortland, Hollund, Laurhammer, Steinsbø. Gåsland, Habbestad, Søvold og Stavland. Planen er no 16 år og moden for revisjon. Det vart i 2008 gjennomført ein arealanalyse for Svortland sør som kommunestyret godkjente 15.12.2008. Denne er lagt til grunn for revisjonen. Utval for areal og samferdsel har gjort vedtak om at byggegrensa langsmed Storavatnet som vart fastsett i kommunedelplanen skal vidareførast uendra i framlegg til ny kommuneplan. Dette er lagt inn i plankartet.

1.7.2 Reguleringsplanar

Alle eksisterande reguleringsplanar er vidareført i planframlegget. I plankartet er desse synt med omsynssone H910. Til saman er 152 reguleringsplanar og 14 utbyggingsplanar lagt inn i plankartet.

2 Metode

2.1 Konsekvensutgreiing

I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar, er det stilt krav om at verknadene av planforslaget skal skildrast og vurderast.

Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan. Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå.

1. Det er for dei ulike tema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. Samla konsekvensar for overordna tema vert vurdert for planframlegget i sin heilskap.
2. For konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt ved behov eigne synfaringar.

Basert på vedteke planprogram er konsekvensar for ulike deltema analysert og vurdert. Det er trekt fram positive og negative element for dei ulike deltema. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Vurdering av arealendringar i plankartet er gjort for følgjande tema: Naturmangfald, landskap, kulturminne, friluftsliv, landbruk, strandsone, samfunn og infrastruktur, barn og unge, og samlokalisering.

Det er nytta ein 5-delt skala for å angi konsekvens;

Stor negativ - negativ - ingen - positiv - stor positiv (-2 til +2).

Konsekvensutgreiing og metodeskildring for arealinnspeil ligg som eige vedlegg til planen.

2.2 ROS-analyse

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføra ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse), for ny arealbruk. Det er ei kommunal oppgåve å syta for at risiko- og sårbarhetsanalysar vert gjennomført. ROS-analysen er utført i samsvar med "Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser" utgitt av Direktoratet for sivilt beredskap (2010).

Planlegginga skal, i.flg Pbl § 3-1; "*Fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.*"

Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel, skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket sin lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjere større risiko for kommunen sitt overordna risikobilde, slik at vurderingar også må gjerast for totaliteten av planframlegget. ROS-analysen vert difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivå er det nytta sjekklister for å fange opp flest moglege hendingar og situasjonar.

1. Alle moment vert vurdert og kommentert knytt til totaliteten av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er ROS-analyse Bømlo (2012).
2. ROS-analysen for nye/endra areal er inkludert i konsekvensvurderinga for dei enkelte areala. Det er gjennomført eit forarbeid med utgangspunkt i ei sjekkliste. I sjølve ROS-analysen vert berre hendingar/situasjonar med reell fare nemnt, medan hendingar/situasjonar som ikkje har relevans ikkje vert kommentert. Forarbeidet ligg som grunnlag for denne vurderinga.

Ut frå ei vurdering i høve til sannsyn og konsekvens vil analysen syne om det ligg føre akseptable eller uakseptable konsekvensar av det nye føremålet med omsyn til liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve, samt samfunnsviktige funksjonar. Det vil vere viktig å finne moglege tiltak for å redusere risiko og sårbarhet for område med uakseptabel risiko. Slike tiltak kan vere både førebyggjande og skadereduserande.

Akseptkriterium for risiko gir uttrykk for det risikonivået (farenivået), som ein vedtek er akseptabelt i ein gitt periode. Akseptkriteria utgjer ein referanse ved vurdering av val av løysningar og trong for risikoreduserande tiltak (jf. risikomatrise nedafor). Metode og akseptkriterium er utarbeidd i samband med planrevisjonen, og skal leggjast til grunn for all arealplanlegging i Bømlo. Risikoen som ei hending representerer er definert gjennom sannsyn og konsekvens. I matrisa nedanfor vil dei ulike hendingane plasserast.

Tabell: Risikomatrisa har tre soner; grøn, gul og raud der grøn sone viser ein akseptabel situasjon medan det i raud sone må gjennomførast avbøtande tiltak for å redusere risikoen.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
	2	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
	3	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Gul	Gul	Raud	Raud	Grøn	Gul	Gul	Raud	Raud
	4	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Raud	Raud	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud
	5	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Konsekvensutgreiing og metodeskildring for arealinnspeil ligg som eige vedlegg til planen.

2.3 Plankart

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel etter ny plan- og bygningslov (PBL) må det gjennomførast eit omfattande og krevjande arbeid med produksjon av plankart. Det vert føreset at både plankart og føresegnar er jamstilte, juridisk bindande dokument.

I løpet av prosessen med utarbeiding av kommuneplankartet har ein gjort ei opprydding i høve til ny plan- og bygningslov (arealføremål), eigedomstilhøve og eksisterande arealbruk. I høve til mindre justeringar i plankartet, som til dømes på eksisterande mindre tiltak som er godkjent med vedtak, er det ikkje gjennomført eiga konsekvensutgreiing.

Det er gjennomført fleire endringar av eksisterande akvakulturområder. Desse endringane er basert på godkjente dispensasjonar og handsaming av konsesjonssøknadar. Det er ikkje gjennomført eiga konsekvensutgreiing av desse.

3 Lovgrunnlaget, statlege-, regionale- og kommunale føringar.

Nasjonale/statlege føringar

- Plan og bygningslova 2008 med tilhøyrande forskrifter
- Naturmangfaldslova
- Lov om folkehelse
- Rikspolitiske retningslinjer barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer klima og energiplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer areal og transportplanlegging
- Kjerneområde landbruk- Veileidar for registrering og prioritering av viktige områder for jordbruk og kulturlandskap LMD
- St. melding 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (fastsett ved kgl.res. av 25 mars 2011)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (M-dep.24.juni 2011)

Regionale føringar

- Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008 (arealdelen)
- Fylkesdelplan for Sunnhordland
- Rettleiar om råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland 2007
- Arealstrategi for Fylkesmannens landbruksavdeling 2009
- Fylkesdelplan Deltaking for alle- universell utforming, Fylkesdelplan 2006-2009
- Fylkesdelplan for idrett og kulturliv 2008-2012
- Fylkesdelplan for kulturminne (1999-2010)
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)
- Klimaplan for Hordaland (2010-2020)

Kommunale føringar

Bømlo kommune har fylgjande planar/dokument som utgjer kommunale føringar/rammer for planarbeidet

- Risiko og sårbarhetsanalyse for Bømlo
- Klima og energiplan for Bømlo (vedteken i kommunestyret 15.06.2009)
- Arealanalysen for Svortland sør (vedteken i kommunestyret 15.12.2008)
- Landbruksplan Bømlo (vedteken i kommunestyret 29.01.2007)
- Viltkartlegging for Bømlo 2003 (MVA-rapport 4/2003)
- Naturtypar i Bømlo 2003 (MVA-rapport 17/2003)
- Kartlegging av naturtypar i Bømlo kommune, Hordaland i 2009 Rapport J.B.Jordal nr.1-2010
- Rapport: Registrering av sjøaurebekkar i Bømlo kommune utarbeidd av Bømlo Jakt og Fiskelag v/ J Martinsen og L Mæland 2011
- Trafikksikringsplan 2011
- Forstudie: Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2011)
- Planprogram for Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland (2012)

4 Viktige tema i planarbeidet

4.1 Utbyggingsstruktur: Bustadområde og LNF-spreidd bustad

Bømlo er ein kommune med spreidd busetnad og ulike aktivitetar i dei fleste krinsane. Mange av krinsane er små, dette gjer det vanskeleg med ei alt for detaljert og streng arealdisponering til mange ulike føremål i mange deler av kommunen. Vidare vekst og auka aktivitet vil mange stader verta styrt av andre omstende enn gjeldande arealdisponeringsplan.

Det er ønske om ein større grad av sentralisering av bustadbygginga (kommunesenter og delsentra). Det er i planframlegget lagt vekt på å vidareutvikle Svortland som kommunesenter samstundes som ein har lagt stor vekt på å sikre eit minimum av tenestetilbodet i lokalsentra Moster, Langevåg, Finnås og Rubbestadneset. Det er samfunnsøkonomisk er ønskjeleg å legge til rette for bustadbygging der infrastruktur som veg, vatn, avløp, skule, nærmiljøanlegg er på plass. I tillegg kjem omsyn til klimagassutslepp, bevaring av natur og ta best vare på kjerneområde for landbruk. Det er lagt opp til at utbygging bør skje gjennom utarbeiding av områdeplan og detaljplanar.

Ut frå statistikk og prognosar om folketalsutviklinga i kommunen vil det vera eit stort behov for nye bustader i kommunen i langtidsperioden. Særleg gjeld dette området rundt kommunesenteret Svortland, i Røyksundområdet (som ligg like ved innfartsåra til kommunen) og frå Mosterhamn og nordover til trekantsambandet. Elles er det i delsentra me kan vente vesentleg bustadbygging framover.

Krins	Kapasitet i eks. bustadfelt	Kapasitet i byggeområde eks. plan	Kapasitet i nye byggeområde	Kapasitet i LNF-spreidd	Sum kapasitet	Behov
Svortland	105	164	363	52	684	500
Gilje	27	70	90	24	211	78
Meling	15	142	20	32	209	87
Rubbestadneset	48	140	30	25	243	65
Foldrøy	47	60	5	5	117	23
Moster	118	603	130	21	872	265
Våge	7	160	22	48	237	30
Hillestveit	47	110	21	24	202	85
Espevær	0	10	18	2	30	9
SUM	414	1459	699	233	2805	1142

Tilgjengeleg tomtekapasitet er meir enn dobbelt så stor som det utrekna behovet for bustader i planperioden. Behovsvurderingane byggjer på framskriven folketalsutvikling og byggjeaktivitetane i dei ulike krinsane. Spesielt i byggeområda rundt kommunedelsentra er det til dels monalege tomtereservar. Dette er område som alt er utbygde, men har store muligheter for fortetting. Men all erfaring tilseier at så lenge ikkje utbyggjarar får utbyggingsavtalar med grunneigarane, skjer det ikkje utbygging i desse områda. Det er mange døme på dette fleire stader i kommunen.

Det ligg også føre godkjende reguleringsplanar som ikkje er tilrettelagt av ulike grunnar, til dømes manglande avtalar med grunneigar, manglande infrastruktur osv.. Eit døme på dette er bustadfeltet i krinsen Våge (Anskot) der det er rekna med ein tomtekapasitet i storleik 100 tomtar som ikkje er blitt tilrettelagt for bygging etter at planen vart vedteken i 2006.

Giljekrinsen sitt behov er lågt i forhold til nye byggjeområde, men eit nytt stort byggjeområde ligg i denne krinsen. Dette grensar tett opp til kommunesenteret Svortland og er ei naturleg utviding av busetnaden i området.

4.2 Næringsverksemd

Næringsaktivitet må ha prioritet og ha tilgang på eigna areal. Særleg har ein sett at det er viktig å legge til rette for utviding av eksisterande industriområde og finna nytt næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Ny næringsutvikling bør prioriterast opp mot grunnstrukturen i kommunen knytt til samferdselsstruktur og til kommune- og delsentar.

Det er lagt til rette for næringsareal i dei fleste krinsane i kommunen, men i dei delane med størst aktivitet har det minka på ledige næringsareal. Dei største næringsområda er nemnde nedafor og visar arealstatus for dei største næringsareala i kommunen:

Krins	Industriområde	Ledig areal	Totalt areal i eks. plan	Nytt areal
Svortland	Hollundsdaalen	70	200	207
Svortland	Brubakken	15	90	63
Rubbestadneset	Rubbestadneset	75	150	0
Svortland	Ternetangen	5	30	0
Moster	Serklau	170	250	0
Våge	Sakseid	26	50	0
Hillestveit	Hovlandshagen	20	150	25
SUM		381	920	295

Tabellen visar at det er sett av meir areal enn det er behov for i planperioden, men det er avgjerande at det er tilgjengeleg areal dersom større verksemdar ynskjer å etablere seg. Områda ligg der det alt er etablert infrastruktur og der det ikkje er for store negative konsekvensar ved lokaliseringa.

I planframlegget er det gjort endringar på to eksisterande næringsområde, samt avsett eitt nytt næringsområde. I planen er næringsområde i Hollundsdaalen, Brubakken og Hovlandshagen utvida. På Sakseid er næringsområde utvida med eit kombinert formål næring og bustad. Alle næringsområda er knytt til eksisterande infrastruktur og verksemdar som ønskjer å utvikle verksemda.

Med aukande utbyggingsaktivitet er det behov for massar og deponering av massar. Det er avsett eit areal til råstoffutvinning i planframlegget. Arealet er knytt til eksisterande verksemd, og dette får no opning for utvida aktivitet.

Det er avsett 10 nye areal til fritid- og turistføremål i planframlegget. Eit av areala er knytt til eksisterande føremål/verksemd, medan ni er nye areal. Areala er fordelt over heile kommunen. Det er aukande satsing på turisme i Bømlo kommune, og mange av verksemdene/areala er knytt til sjønæreområde og fisketurisme (rorbu utleige).

4.3 Hytteutbygging

Bømlo kommune er attraktiv for hytteeigarar på grunn av nærleik til sjøen og skjergarden, det vil sei verdiar knytt til friluftsliv. I innspelsfasen kom det mange innspel knytt til hytteutbygging. Dette har naturleg ført til at hytteutbygging har vorte eit sentralt tema for revisjonsarbeidet. Kommunen ønskjer å vere ein attraktiv hyttekommune og opne for nye hytteområde, men utbygginga må sjåast

i samheng med og i balanse med bustadutbygging (fast busetnad). Det er sett av område for fritidsføremål i alle krinsane i kommunen med Folderøy og Espevær som unntak. På Espevær vert ein stor del av bustadmassen nytta som fritidsbustader utan at det er sett av eigne areal øyremerkt til fritid.

Ein tilleggsattraksjon er fjell- og skogsområda i kommunen, men desse er truleg ikkje årsaka til at ein ønskjer å bygge hytte på Bømlo. I tillegg er det kort veg frå stamvegen, E39, og ut til Bømlo. Eit anna moment er at utbyggingsstrukturen i kommunen er spreidd, noko som også speglast att i hytteområda. Mange av fritidsområda i kommunen er knytt til sjø og ligg tett til sjøkanten, så kalla rorbuområde. I planframlegget er også nye hytteområde knytt til strandsona og sjøen. Dette er i tråd med dagens struktur.

Fritidsbusetnaden i kommunen kan grovt delast inn i to grupper. Det er dei tradisjonelle hytteområda som er trekt bort frå strandsona og det er areal langs strandsona som er sett av til såkalla rorbuområde (fritidsbygg i strandsona). I Bømlo er det om lag 1200 fritidsbygg. Det er i underkant av 900 tradisjonelle hytter og om lag 300 rorbuer/fritidsbygg i strandsona.

Fritidsareala omfattar nye areal, eksisterande hytteområde med ny arrondering, hytteområde som er utvida, stadfesting av fakstisk bruk og omdisponering av byggeføremål til fritid. Hytteområda er relativt jamt fordelt over heile kommunen, og er i hovudsak knytt til område nær sjø. Dei fleste areal er knytt til område med eksisterande infrastruktur som vegtilkomst. Dei største nye hytteområda som er lagt inn i planen ligg på Holme, Rolfsnes, Katla og Åreid. I planen er det lagt til rette for om lag 52 nye fritidsføremålsflater med framtidig status.

Politisk er det ønske om å legge til rette for fritidsføremål nær sjøen der det er egna for hyttebygging og fortetting i utbygde område. Nokre tidlegare naustområde er endra til rorbuområde/fritidsbygg i strandsona. Eit prinsipp om at hytteområde skal trekkjast opp frå strandsona med felles båthamn ved sjøen er lagt til grunn i planarbeidet.

4.4 Samferdsel

Vegnettet på Bømlo har dårleg standard og er ikkje tilpassa trafikken i dag. Bømlopakken er eit program for utbetring av fylkesvegane på Bømlo. Bømlopakken vart godkjent som eit bompengeprojekt 16.juni 2009 (Stortingsproposisjon nr.78- Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland). Arbeidet er starta opp og ein del vegstrekningar er ferdig utbetra (Hollundskjosen- Stokkabekken på FV 541 og Løvegapet- Langevåg på FV 541). Arbeidet på ny veg frå Stokkabekken til Rubbestadneset er under arbeid i desse dagar. Frå 2010 til 2022 skal ein investere for om lag 1 milliard kroner i vegnettet.

Utval for areal og samferdsel gjorde i møte 13.06.2012, vedtak om å slutte seg til utarbeidd forslag om rammeplan for 2012- 2015 for avkøyrslar og byggegrensar på riks- og fylkesvegane i region vest. Denne planen vil gje føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslar- og byggegrensaker i kommunen.

I framlegg til ny kommuneplan har ein lagt inn i plankartet vegtraseane der det er planlagt nye vegtrasear, samt framtidige trasear for G/S-vegnett.

Bømlo kommune har utarbeidd Trafikksikringsplan for perioden 2011-2015 (godkjent 19.12.2011). Planen har fokus på det lokale vegnettet, kommunale vegar, skulevegar for barn og barnehagar, samt elles på dei mindre trafikkerte fylkesvegane. For dei større vegane og prosjekta dekkjer Bømlopakken utfordringar knytt til trafikktryggleik og sikringstiltak.

Trafikksikringsplanen syner til tiltak og tilhøve som bør og må vurderast i samband med arealplanlegging. Utdrag frå trafikksikringsplanen:

2.1 Arealplanlegging / lokalisering

Kommunedelplanar

- Ved lokalisering av bustadområde, privat og offentleg tenesteyting, skular og arbeidsplassar skal ein legge vekt på korte transportavstandar
- Nye bustad- og næringsområde skal planleggjast slik at det ikkje fører til auka gjennomgangstrafikk i etablerte bustadområde
- Spreidd utbygging/randbygging langs dei mest trafikkerte fylkesvegane må unngåast
- Vere restriktiv med å tillate spreidd utbygging i LNF område
- I oversiktplanlegging skal ein leggje vekt på å styrke kollektivtilbodet
- Skular og barnehagar skal i størst mogleg grad vera knytt til eksisterande gang- og sykkelvegnett

2.2 Reguleringsplanar/utbyggingsplanar

- Skilje harde og mjuke trafikantar i størst mogleg grad. Dei mjuke trafikantane skal prioriterast i bustadfelt
- Alle planar som utarbeidast med omsyn til universell utforming
- Unngå gjennomgangstrafikk i bustadfelt
- Krav om fri sikt ved avkjørsler og vegkryss i samsvar med gjeldande normal for veg- og gateutforming
- Fartssoner og fartsdempande tiltak skal vurderast i bustadfelt
- Leikeplassar skal ha ei trafikksikker plassering
- Leggje til rette for busslommer der skuleskyss er naudsynt
- Byggeplanar skal alltid ivareta krav om universell utforming

4.5 Strandsone

Bømlo har lange tradisjonar med aktiv bruk av strandsona og sjøareala til næring og fritid. Den tradisjonelle bruken av strandsona har gradvis endra seg frå tradisjonell bruk (fiske) til fritidsføremål med stor aktivitet særleg om sommaren. Tilgang til sjø og tilgjengelege nausttomtar eller båt plassar er ein vesentleg faktor for å busette seg i Bømlo kommune. Dette samsvarar også med innspela til kommuneplanen der det er stor overvekt av innspel knyta til utbygging/omdisponering i og langs strandsona.




Foto: Akvator

Strandsona er ein nasjonal ressurs som skal forvaltast i eit langsiktig og bærekraftig perspektiv. Kysten er eit fleirbruksområde der bruk og vern er konkurrerende interesser. Det er eit nasjonalt mål å hindre vidare utbygging av strandsona. For å nå desse måla må utbygging i og langs strandlina i størst mogleg grad lokaliserast til allereie utbygde område som fortetting og ikkje i ubygde område som medfører ytterlegare nedbygging av strandlina.

Av kommunen er sitt totale areal er om lag 28 % strandsone (100-metersbeltet). Bømlo kommune har mykje urørt og ledig strandsone, jf. *Kartlegging av arealstatus* i samband med Strandsone prosjekt i Sunnhordland, Samarbeidsrådet i Sunnhordland. Med bakgrunn i tal frå kartlegginga er 80,6 % av strandsona utan tekniske inngrep i Bømlo kommune, dvs. inngrepsfri. Ved å dele kommunen inn i øyar og øyar med vegsamband, *fastland*, er fordelinga som følgjer: 94 % inngrepsfri strandsone for alle øyar og 73 % inngrepsfri strandsone på fastlandet. I same prosjekt er tilgjengeleg strandsone kartlagt. Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil sei at områda ikkje skal vera påverka av privatiserende tiltak eller for bratte for normalt opphald. Kartlegginga syner at 66,9 % av strandsona utan tekniske inngrep og med tilgjengeleg topografi. Ved å dele kommunen inn i øyar og øyar med vegsamband, *fastland*, er fordelinga som følgjer: 76,5% tilgjengeleg strandsone for alle øyar og 61,4% tilgjengeleg strandsone på *fastlandet*, sjå tabell under.

Tabell. Prosentvis fordeling av inngrep, inngrepsfri og tilgjengeleg topografi i strandsonearealet.

	Tilgjengeleg strandsone	Utilgjengeleg strandsone: Inngrep	Utilgjengeleg topografi	Utilgjengeleg strandsone: Inngrep og topografi
Bømlo kommune	66,9%	17%	14,3%	1,8%
Intern fordeling: <i>Fastland</i>	61,4%	24,1%	12,1%	2,5%
Intern fordeling: Alle øyar	76,5%	4,8%	18%	0,7%

Det er ikkje differensiert mellom tilgjenge frå sjø og tilgjenge frå land i kartleggingane (*kartlegging av arealstatus*). Mange område er utilgjengeleg frå landsida då i hovudsak på grunn av topografi og avstand frå infrastruktur som veg og byggeområde. Desse områda kan vera godt tilgjengeleg frå sjøsida. Kommunen ser at til at strandsona som er i nærrområde til eksisterande infrastruktur ofte vert utbygd og privatisert av private tiltak. Dette gjer at faktisk tilgjengeleg og nærmast utbygde strandområde, vert privatisert og dermed vert utilgjengeleg for ålmenta og for etablering av fellesanlegg som t.d. småbåthamn.

Bømlo kommune er plassert i sone 3 i statleg retningslinje for strandsona. For denne sona gjeld det at ein, “*etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold*” (sitat frå kap. 7.2 i retningslinene), kan opne for noko utbygging i 100-metersbeltet. Kartlegging av funksjonell strandsone er ein viktig del av det lokale vurderingsgrunnlaget. Det er likevel presisert i retningslinene at opning for tiltak ikkje gjeld generelt for *fritidsbustader*. Fritidsbustader skal ikkje liggje i strandsona, og særleg ikkje i/nær sentrumsområde/tettbygde område. Ei viss fortetting i eksisterande byggeområde for ulike føremål vil vera aktuelt også i strandsona for å hindre enkelt tiltak i strandsona. Innspel som gjeld fortetting i allereie utbygde naust/rorbuområde til reiseliv/næring/naust er difor innpassa.

Mange av arealendringane i plankartet er knytt til 100-metersbeltet mot sjø. Om lag 240 arealendringar er gjort i strandsonebeltet. Endringane er knytt til føremålsendring mellom ulike byggeføremål, utviding av eksisterande byggeføremål, og stadfesting av faktisk bruk/tiltak, medan eit mindretal er nye areal i strandsona. Kommunen har hatt ein medviten haldning til at nye bustad og fritidsbustadføremål skal trekkast vekk frå strandsona. I mange tilfelle er byggeføremålet

innanfor 100-metersbeltet, medan arealet nærmast sjøen er avsett til LNF-føremål eller anna byggeføremål som ikkje privatiserer som t.d. naust.

Planen har gjort endringar i plankartet knytt til 69 naustområde. Av dei 69 er det berre 8 heilt nye naustføremål i urørt strandsone. I all hovudsak er naustområda ei stadfesting av faktisk bruk og utviding av eksisterande naustføremål eller justering av føremålsgrenser.

Det er båthamner i dei fleste krinsane. I tabellen nedafor er det vist dei største eksisterande båthamnene i kommunen.

Krins	Stad	Areal, dekar	Merknad
Svortland	Steganeset	7,0	Eksisterande hamn
Svortland	Urangsvåg	2,7	Eksisterande hamn
Rubbestadneset	Kattahola	7,5	Eksisterande hamn
Moster	Kjødleren	5,5	Eksisterande hamn
Foldrøy	Siggjarvåg	5,0	Eksisterande hamn
Sakseid	Anskot	3,5	Eksisterande hamn
Hillestveit	Kåso	4,5	Eksisterande hamn

Behovet for nye småbåthamner er veksande. Grunnen til dette er hovudsakleg knapphet på strandlinje som er egna og som finst tilgjengeleg i nærleiken av eksisterande infrastruktur. Ei småbåthamn er langt mindre arealkrevjande enn eit tradisjonelt naustområde. Det er såleis positivt i strandsonesamanheng å etablere fellesanlegg for båtplassar. Bruk og tilrettelegging for båtplassar i småbåthamner gir ein attraktivitet som kan medverke til å få folk til å flytte til kommunen.

Planen har lagt til rette for 9 nye småbåthamnføremål i planen, fordelt i krinsane Svortland, Gilje, Moster og Våge. Av dei 9 småbåthamnføremåla er to av dei knytt til eksisterande tiltak, brygger og flytebrygger, medan dei fleste opnar for etablering av nye småbåthamner. Alle areala er knytt til andre nærliggjande byggeføremål som t.d. bustad eller fritid.


Krins	Stad	Areal, dekar	Merknad
Svortland	Lambholmen, Vikøya	3,1	Ny hamn
Svortland	Bråtaneset, Rubbestadneset	2,1	Ny hamn
Gilje	Barmahaugane, Straume	24,6	Ny hamn
Moster	Eikeland, Moster	12,0	Eksisterande hamn
Moster	Moster	3,9	Ny hamn
Moster	Spissøy	8,0	Ny hamn
Våge	Sakseid	4,2	Ny hamn
Våge	Hidle, Finnås	3,5	Ny hamn
Våge	Lykling	2,7	Eksisterande hamn

Bømlo kommune har gjennom tidene utført streng haldning til utbygging på øyar og holmar i og langs strandlina. Denne praksisen har medført at kommunen har store areal i kystsona som er ubygd. Denne haldninga er også vidareført i ny kommuneplan der m.a. særskilte kjerneområde med sterke natur- og friluftsområde vert oppretthalde (omsynssone for naturmiljø og friluftsliv, samt føremål knytt til hovudføremål grøstruktur). Dette inneber i praksis at alle dispensasjonssøknadar/søknader om tiltak/inngrep innafor desse områda får avslag. Dette av omsyn til at kommunen framleis kan by fram ein fin skjergard som er tilgjengeleg for alle til rekreasjon og fiske.

4.6 Kulturmiljø og kulturlandskap

Bømlo kommune er ein kystkommune med mange verneverdige bygningar og miljø knytt til den tradisjonelle fiskarbonden og handelsstadar. Mange av desse lokalitetane er knytt til eldre bygningsmiljø og skjøtta kulturlandskap. Fleire av desse lokalitetane har ein særeigen identitet som kommunen ønskjer å ta vare på.

Nokre stadar i kommunen finn ein bygningsmiljø som ligg til sjø og som meir eller mindre er til forfall. På mange måtar ligg mykje av kommunen sin identitet og kulturhistorie knytt til desse bygningsmiljøa. Utgangspunktet for småsamfunna var næringsaktivitet knytt til sjø. Kommunen ser ei utfordring for å oppretthalde folketalet på desse plassane, få i gang ny aktivitet og sikre berekraftig vedlikehald av verdifulle miljø. Desse «*perlene*» må kommunen ta eit større ansvar for. For å oppretthalde bygningane og busetnaden ønskjer kommunen ei utvikling gjennom aktiv bruk. Det er mellom anna viktig at desse bygningane kan brukast til næringsaktivitet. Verneverdige sjøbruksmiljø er i planframlegget lagt inn med byggeføremål, som t.d. naust, og med omsynsson H570 Bevaring kulturmiljø. Det er avsett 22 omsynssoner knytt til *verneverdig sjøbruksmiljø*.



Kommunen ønskjer at lokale identitetar/lokalitetar i Bømlo vert teke vare på gjennom aktiv bruk. Styrking av lokal identitet for fastbuande er i den samanheng viktig. Særleg gjeld dette lokale verdiar/område, kulturobjekt, lokale turområde og grønstruktur, badeplassar, samlande møteplassar og landskapskarakter (spesielt å unngå nedbygging av høgdedrag).

Følgjande område er definert som *lokale identitetar*:

1. Inngangsportalen til Bømlo (landskapsverdiar langs riksvegen Spissøy -Gassasundet)
2. Området Røyksundkanalen og Kulleseidkanalen som svært viktig friluftsområde
3. Området ved Moster amfi, Moster gamle kyrkje, religionshistorisk senter og steinrike Bømlo som eit av fyrtårna i reiselivet og kulturlivet på Bømlo
4. Brandasund kulturmiljø. Hiskjo kulturlandskap/biologisk mangfald
5. Siggjø, friluftsområde
6. Espevær med sine unike kulturmiljø som hummarpark og Baadehuset m.m.

Kulturlandskap er alt landskapet som er påverka av mennesket. Gjennom titusen år er omgjevnadane vorte prega av samspelet mellom naturgrunlaget og mennesket. Kulturlandskapet fortel om naturvilkår, samfunnstilhøve og historie. Staden sin identitet heng nært saman med landskapet sin karakter. Kulturlandskapet vert teke vare på gjennom dagleg bruk, vøling og skjøtsel. I dei verdifulle kulturlandskapsområda skal ein ta vare på kulturminne, landskapstype, biologisk mangfald og opplevingskvalitetar for framtida. I desse områda må ein syna varsemd med inngrep i landskapet.

Det er i planen sett av 12 område med verdifullt kulturlandskap (H570):

1. Finnås Prestegard- rik edellauvskog og kalkrike strandberg, geologi og styvingstre. Registrert som ein viktig naturtype med raudlistartane trollnype og bergfaks.
2. Steinsvåg- gardsbruk med verneverdige bygg, særprega kulturlandskap på innmarka.
3. Lykling- Urdastølen - Gamalt skjerpeområde for gullgraving.
4. Søre Lyklingholmen- svært viktig naturbeitemark og sørvendte berg. Godt bevart kulturlandskap. Svært viktig område i naturtyperegistreringa med raudlistarten havburkne.
5. Sønstabø/Mehus- Los - og telegrafvarde, kolerakyrkjegard, kystlynghei, gamle innmura dyrkingsteigar og steinalderfunn.
6. Roaldsfjorden - Her er registrert noko av dei eldste steinalderbuplassane i landet, kystlynghei, biologisk mangfald og fint turområde.
7. Hovlandshagen- svært viktig kulturlandskap, kystlynghei og rikmyr og steinalderbuplassar. Svært viktig område i naturtyperegistreringa
8. Berge/ Tjong (3 områder) - biologisk mangfald, verdifullt kulturlandskap, kulturminne, kvernhus, driftsvegar og steingardar. Fint turområde.
9. Hiskjo- Godt bevart kulturlandskap skapt gjennom samanhengande drift og beiting, kystlynghei, naturbeitemark og kalkrike enger.
10. Vestre Spissøya- Godt bevart kulturlandskap, rydningsrøyser og steingardar. Registrert som eit viktig område i naturtyperegistreringa. Rik edellauvskog og naturbeitemark. Bømlo kommune har fått spesielt ansvar frå miljøvernministeren for skjellporelav som veks i dette område.

I tillegg til omsynssonene knytt til verneverdige sjøbruksmiljø og verdifulle kulturlandskap, er det lagt omsynssone H570 på følgjande område/lokalitetar:

1. Ei gravrøys ved Søvoll/Stavland
2. Område med potensiell funnplass for freda kulturminne på Veøy
3. Ein steinalderlokalitet på Dørøy, Espevær

4.7 Friluftsliv

Bømlo er frå naturen si side rik på område med gode kvalitetar for friluftsliv på og ved sjøen. Dette er kvalitetar som må takast vare på både for oss sjølve og ikkje minst for framtidige generasjonar. Handlingsplan for friluftslivet i Hordaland har registrert båtutfartsområda i Bømlo som område av regional verdi. Særleg gjeld dette området Rogøy - Goddo, som saman med Fitjarøyane vert rekna for å vere eit av dei finaste utfartsområda på Vestlandet (når dette vart skrive var også Brandasund-området ein del av Fitjarøyane). Vidare vert Espevær og Børøy-fjorden saman med Røyksund- og Kulleseidkanalen omtale som fine båtutfartsområde.

Kommunen ønskjer ei satsing på friluftsliv og folkehelse, og vil legge tilhøva best mogleg til rette for fysisk aktivitet i arealplanlegginga. Ein har prøvt å ta vare på samanhengande grønstruktur i og nær bustadområda i kommunen. Det har vore viktig å ta vare på større område som ikkje er utbygd. Sikring av ubebygde holmar, øyar og skjær for ålmenta har vore ei viktig målsetting i planarbeidet. Det er lagt vekt på at desse fortsatt skal vere LNF-område. Etter friluftsløva av 28. juni 1957 er ferdsel i utmark fri for alle. Også ferdsel med båt på sjøen er fri for alle, og ikkje minst er det fri lendingsrett frå båt i utmark.

I planframlegget er omsynssone friluftsliv H530, i føresegnene kalla friluftsområde FRI, lagt på områda i Bømlo som er statleg sikra til friluftsføremål. I tillegg er Utslåttøy, Hisøy, Rogøy/Sæverudsøy med sør og vestsida av Goddo, område Tjongspollen, samt del av Åreiddalen, Ulvesøyområde er Finnåsvika med Kulleseidkanalen og Røyksundkanalen lagt inn i med omsynssone for friluftsliv.

I tillegg til omsynssone for friluftsliv er ein del område med friluftsverdiar og interesser avsett til føremål knytt til friluftsliv; Friluftsområde i sjø og vassdrag, friområde, turdrag, naturområde og grønstruktur. I tillegg til føremål knytt til grønstruktur/friluftsliv er det opnar for føremål som naust, småbåthamn og småbåtanlegg, som opnar for tilgjenge til friluftsområde i sjø og på øyar/holmar.

I planen for landareala er det vist til store samanhengande utmarksområde som bør haldast frie for utbygging og endra arealbruk. Same prinsippet bør leggjast til grunn for tilsvarande område i og ved sjø. Dette gjeld i første rekke følgjande områda:

1. Sør- og vestsida av Goddo med den nye farleia for småbåtar og øyane utanfor
2. Tjongspollen - Børøy - Finnåsvika
3. Børøyfjorden, området vest for Moster, øyane og landet vest for Totlandstjørna
4. Nordre Hiskjo - Litla Hiskjo
5. Lindøy-området
6. Nordøyane, Sørøyane

Det må vera eit mål for kommunen å halde desse områda fri for inngrep, anlegg og utbygging. Fiske og ferdsel er sjølvsagt tillete også i desse områda. I plankartet er desse områda markerte med FFNF (fiske, ferdsel, natur og friluftsområde). Visse former for skjeldyrking kan vurderast også i desse områda.



Store deler av kommunen, land og sjøarala, har status som regionalt viktige friluftsområde. Areal er grovt avgrensa og svært omfangsrike. Temaet har vore nytta som eit vurderingskriterium i konsekvensutgreiinga på innspelsnivå for å hindre utbygging i viktige friluftsområde som t.d. badeplassar og utfartsområde både til sjøs og til fjells. Det er fleire nye byggeområde som ligg heilt eller delvis innanfor regionale friluftsområde. Føremåla grønstruktur/friområde, naust og småbåthamner er også lokalisert innanfor regionale friluftsområde. Dette er føremål som vil opna for bruk av friluftsområda.

4.8 Folkehelse

Folkehelse dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand. Element som er avgjerande er mellom anna: bustadtilhøve, økonomisk tryggleik, skule- og arbeidstilhøve, hjelp etter behov, sosial eigarskap til staden, ytre miljø og levevanar. Dette er eit viktig tema som vedkjem alle sektorar i samfunnet. Målsetjinga må vere å:

- Utvikla eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil
- Fremja tryggleik og medverknad for den enkelte og gode oppvekstvilkår for born og unge
- Førebyggja sjukdom og skader
- Leggja prinsippa om universell utforming til grunn for utviklinga

Bømlo har inngått partnerskapsavtale om folkehelse med Hordaland fylkeskommune, og startar eit arbeid med å integrere folkehelseperspektivet i sitt planverk. Folkehelsearbeid inneber å styrke faktorar som fremjar helse, reduserer faktorar som medfører helserisiko og beskytte mot ytre helsetruslar. Vidare skal folkehelsearbeidet medverke til ei jamnare sosial fordeling av faktorar som påverkar helsa. Eit av måla er at folkehelse skal inn i alle kommunale planer.

Folkehelse er eit tema som har stor merksemd nasjonalt og regionalt. I kommuneplanen er også folkehelse trekt fram som eit hovudsatsingsområde der kommunen ynskjer å vidareutvikle tenesteområdet, også i framtida. Data innan folkehelseområdet blir no meir systematisk samanstillt og danner grunnlag for ein ny type folkehelseprofil på kommunenivå. Ved å følgje folkehelseprofilane over tid har kommunen eit langt betre verkty for målretting og evaluering av sin innsats på dette området enn tidlegare. Folkehelsearbeidet er godt forankra i kommuneplanen som eit av hovudsatsingsområda. Utvikling av kommunens planer og arbeid innanfor folkehelseområdet i tråd med nasjonale og regionale forventningar og strategiar skal ivaretakast.

Universell utforming er nedfelt i § 1-1 i plan og bygningslova. Her står det at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krav til det einkilde bygg. Universell utforma tiltak fører til fysisk tilgjenge for alle. I kommuneplanen er det lagt til grunn at krava til universell utforming i teknisk forskrift TEK 10 skal innarbeidast i føresegnene til alle nye reguleringsplanar. Det er i føresegnene presisert at søknadar for nye bygg og anlegg, samt trafikkareal, som skal ha allmenn tilgjenge skal dokumenterast i tråd med føresegner definert av departementet.

4.9 Barn og unge

Bømlo kommune har som mål å utvikle gode samarbeidsformer i arbeidet med barn, unge og deira føresette som skapar attraktive og utviklende levekår i heile kommunen. For å nå dette vil kommunen planlegge barnehage- og skuletilbod av høg kvalitet i nærmiljøet og legge tilhøva til rette for god folkehelse i alle livsfasar. I arealdelen har me lagt vekt på at barnehagar, skular, idrettsanlegg, turområde og andre arenaer for fysiske og sosiale aktivitetar skal finnast i nærmiljøet.

Etablering av nye gang- og sykkelveggar er ein viktig del av tiltaka i Bømlopakken som vil gi tryggare skuleveggar for mange elevar i Bømlo. Dette gir tryggare skuleveg samstundes som mulighetene for dagleg fysisk aktivitet vert lagt betre til rette.

I planframlegget er det lagt inn nye friområde etter innspel frå grendalag og gardslag. Døme på dette er Innvær og Rolfsnes. Dette sikrar badeplass og nærmiljø til bruk for ålmenta.



Foto: M. Raknes

4.10 Naturmangfald

Det er eit nasjonalt mål å stogge tapet av biologisk mangfald. Arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 -2007)). Forvaltningsmåla for artar og naturtypar i naturmangfaldlova (§§ 4 og 5) seier at ein skal ta vare på artane på lang sikt i deira naturlege utbreiingsområde.

I naturmangfaldlova (2009) er det lovfesta at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

Som grunnlag for vurdering av enkeltareal og overordna plan har ein nytta følgjande rapportar:

- Viltkartlegging for Bømlo 2003 (MVA-rapport 4/2003)
- Naturtypar i Bømlo 2003 (MVA-rapport 17/2003)
- Kartlegging av naturtypar i Bømlo kommune, Hordaland i 2009 Rapport J.B. Jordal nr.1-2010

Ved utarbeiding av ny kommuneplan er det lagt stor vekt på å ta vare på område som er sett av som svært viktige og viktige viltområde. Det same gjeld område som er registrert som svært viktige og viktige naturtypar. Viltområda Børøy-Ulvesøy, Rutsøy/Totlandssjøen, Nordøyane, Raudholmane-Låterøyområde og Sagvatnet- Skogafjellet er lagt inn som omsynssone, bevaring naturmiljø H560. Område Geitung, Lyngøy og Vikaneset er lagt inn med omsynsone, bevaring naturmiljø H560 på bakgrunn av at dei er svært viktige naturtypar.

I tillegg har kommunen rapport «registrering av sjøaurebekkar i Bømlo kommune» frå 2011 (Bømlo jakt og fiske lag). Det er berre eitt område som kan komme i direkte konflikt med registrert bekk med oppgang av sjøaure. Det er fleire arealendringar som har potensiale for påverknad på registrerte bekkar gjennom avrenning. Rapporten er brukt som grunnlag for vurdering av enkeltareal.

I løpet av høringsperioden har Sunnhordland ornitologisk foreining sendt inn brev der dei har skildra viktige lokalitetar for fugl som ikkje er ein del av viltkartlegginga. Den nye rapporteringa er brukt som grunnlag for vurdering av enkeltareal. Bømlo kommune vil inkludere dei nye registreringane når viltrapporten skal oppdaterast, jf. kapittel 1.6.

Det er ei sterk kopling mellom naturmangfald (viltområder og naturtypar) og tema friluftsliv og kulturlandskap. Som nemnt i tidlegare kapittel er omsynssoner for friluftsliv og kulturlandskap også knytt til viktige og verdifulle naturområder.



Foto: M. Raknes

I planframlegget er det to areal som har potensiale for konflikt med område verna etter lov som naturreservat. Begge ligg på Meling (Karihavet), og ligg nære eit sjøfuglreservat.

Ved analyse av areal med konsekvensutgreiing som overlappar heilt eller delvis med registert naturmangfald får ein følgjande resultat:

- Det er 22 naturtypar som overlappar endringar i plankartet. Dette er enten ved større eller mindre inngrep/overlapp av areal og registrering. Dette omfattar 9 naturtypar registert som svært viktige (A), 9 viktige (B) og 4 lokalt viktige (C).
- Det er 17 område der endringar i plankart og prioriterte viltområde overlappar. Dette omfattar 16 viltområde som er registert som svært viktige og ein viktig.
- Det er 10 areal som overlappar med registrerte vilttypar/lokalitetar. Alle vilttypane/lokalitetane er knytt til fugl og deira leveområde (hubro, rødnebbterne, storspove, vannrikse, andefugler og fiskemåse).

Det er gjennomført konsekvensutgreiing på enkeltareal, samt i område med fleire arealendringar ei total vurdering for delområdet. Dette er gjennomført i dokumentet med konsekvensutgreiing. Alle areal som er i konflikt med registert biologisk mangfald er gitt negativ konsekvens. Den samla belastninga på naturmangfaldet er i nokre tilfelle/delområde høg.

4.11 Landbruk

Hovudmålet i landbruksplanen for Bømlo kommune er:

«Landbruksnæringa i Bømlo må sikrast langsiktige rammevilkår som sikrar bøndene gode levekår. Landbruket må drivast miljømessig og innehalda eit mangfald av produksjonar, og det må leggjast vekt på å ta vare på kulturlandskapet. Det må vidare leggjast stor vekt på å ta i bruk alle ressursane på gardane for å skape tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk».

Arealplanlegginga er eitt av verktøya for å oppnå denne målsettinga.



Foto: M. Raknes

Ny arealbruk i planframlegget medfører omdisponering av innmarksareal, jf. tabell under. Tabellen syner omdisponert innmarksareal utlagt til byggeområde. Område med LNF-spreidd utbygging er ikkje med i tabellen. I LNF-spreidd områda gjeld jordlova framleis, og tiltak skal vurderast etter jordlova. Frådeling av bustadtomter vil då berre verte godkjent på areal som ikkje er verdifulle innmarksareal.

Type innmark	Nye byggjeområde	Tal på jordbruksareal i kommunen (totalt)	Prosentvis omdisponering
Fulldyrka	30 da	4267 da	0,7 %
Overflatedyrka	61 da	1752 da	3,5 %
Innmarksbeite	161 da	10472 da	1,5 %
Totalt innmark	252 da	16491 da	1,5 %

Oversikt av omdisponert innmarksareal for areal avsett til byggeføremål. Tala er henta frå Ar5 database. Det er noko feilkjelder i datagrunnlaget, då noko areal er utbygd, men er framleis registert som innmarksareal.

* Grunnlag for talet er teke ut frå areal med konsekvensutgreiing og arealstatus framtidig. Det er grunn til å tru at talet er noko større med omsyn til at eksisterande byggeføremål som er utvida ikkje er differensiert som framtidig status.

Som ein ser av tabellen er det utlagt 252 da jordbruksareal til byggjeføremål i ny kommuneplan. Dette er areal som er registrert i Ar 5 som innmarksareal, og inkluderer også areal der jordbruksdrifta er trappa ned. På Bømlo er det mange små bruk med mange små teigar der jordbruksdrifta er tungdriven. Med den økonomien som er i jordbruksdrifta i dag har mange av desse småbruka avslutta drifta og leigd ut innmarksareal til naboane. Ofte er det då dei best arronderte areala som vert drivne medan ein del meir tungdrivne gror til med skog og kratt. Desse areala ligg ofte i område som ikkje er registrert som kjerneområde landbruk. Ved å kartlegge kjerneområda for landbruk og sikra desse best mogleg, er det klart å ta vare på dei beste jordbruksområda samstundes som ein viss utbygging av bustad, industri og fritidsaktivitet kan finne stad.

Bømlo kommune har ein landbruksplan som er vedteke i 2007. Som ein del av landbruksplanen er det utarbeidd eit oversiktskart over kjerneområde landbruk på Bømlo. Med kjerneområde landbruk meinast dei areala i kommunen som er viktige for matproduksjon og jordbruket sitt kulturlandskap.

Dei viktigaste Landbruksområda er:

- Sønstabø- Nordtun- Hallaråker
- Meling - Nesse
- Mæland- Fylkesnes- Alvsvåg
- Gilje - Ådnanes- Thormodsæter
- Ersland- Stautland- Oldereide- Finnås
- Ekornsæter- Mækjebakken
- Rubbestad- Hollund- Selle
- Habbestad-
- Håvik Indre- Myhre
- Vorland
- Berge-Tjong- Vika



Det er i planframlegget valt å ikkje legge inn kjerneområde landbruk som omsynssone i plankartet. Kjerneområde landbruk utgjer svært store områder av kommunen og plankartet ville få svært mange omsynssonar, som også overlappar kvarandre. Forståinga av plankartet avhenger mellom anna av bruken og innlegging av omsynssoner i plankartet. På bakgrunn av dette har kommunen valt å ha kjerneområde landbruk som ein del av temakartet til ny kommuneplan. Temaet har likevel vore ein viktig del av vurderingsgrunnet for arealendringar i plankartet, og ligg som eit viktig temakart.

For å unngå utbygging av dei mest verdifulle landbruksområda har ein lagt vekt på å ikkje opna for utbygging bustad/hytter i kjerneområde for landbruket. I alt er det 15 byggjeføremål og LNF-spreidd med framtidig status som er lokalisert innanfor kjerneområde for landbruk, enten heilt eller delvis. Totalt utgjer dette om lag 371 da utbyggingsareal innanfor kjerneområde for landbruk. Det er få areal som er i særleg konflikt med kjerneområde landbruk då areala ligg i ytterkant av kjerneområdet, ikkje er registrert som innmarksareal, er ein del av eksisterande byggeområde (føremålsendring) eller ikkje fører til oppsplitting av store samanhengande jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka eller fulldyrka mark).

4.12 Overordna og generell ROS-analyse

Den overordna og generelle ROS-vurderinga er knytt til *Overordna ROS-analyse for Bømlo kommune (2012)* og *Beredskaps- og kriseplan for Bømlo kommune (2012)*. Føremålet med denne fasen er å vurdere om det har oppstått nye risikomoment og/eller om nye tiltak er naudsynte.

I den overordna analysen vil ein sjå på planen sin totalitet i høve til risiko for definerte fareområde/hendingar. ROS-analysen vil vurdere risiko knytt til den nye arealplanen og planen sin påverknad på samfunnet i Bømlo, beredskap og sårbarheit. Vurderingar knytt til enkelt areal er inkludert i konsekvensutgreiing for areal (vedlegg til plan).

4.12.1 Naturrisiko

I framtida kan ein ikkje lenger berre bygge på erfaring og statistikk når det gjeld kartlegging av risiko, det bør også takast omsyn til prognosane om endring i vêrsituasjonen. Klimaendringar vil ha effekt i forhold til sannsyn og årsak for ulike hendingar.

Grunntilhøve (ras og skred)

Bømlo kommune har ikkje kjennskap til enkeltområde som er meir utsett for forureina grunntilhøve enn andre. Nye areal av viss storleik vil ha krav om reguleringsplan og såleis også utarbeiding av ROS-analyse på detaljnivå.

ROS-analyse for Bømlo konkluderer med at ein ikkje ser på skredfare som noko reelt trugsmaal i kommunen. Men det kan skje lokale utrasingar som kan føre til at deler av vegnettet vert stengd i kortare periodar. Risikoen for dette er vurdert som relativt liten.

- ROS-analyse for enkelt område er sjekka mot skrednett.no (*aktsomhetskart for snø og steinsprang*). Byggeområde og LNF-spreidd byggeområde som overlappar med skredfare (stein eller snø) er synt i plankartet med omsynssone faresone (H310). Sikring av bygningar i tråd med TEK10.

Sterk vind

Fleire område i kommunen ligg eksponert i høve til ekstrem vind. Spesielt er vind frå sør og søraust mest framtrudande, noko som også er vanleg for heile Vestlandet. Det er registrert sterk vind årleg på Vestlandet, men anslagsvis kvar andre år vert det registrert som storm. ROS-analyse Bømlo syner til at ein kan risikera orkan ein gong kvart femtiande år.

ROS-analyse Bømlo konkluderer med at det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida, ROS-analyse må bli ein konsekvent del av all arealplanlegging og at kommunen må gjennom ROS-analyse kartlegge om areal er særskilt vindutsett og legge inn ein del krav i føresegnene til kommuneplan og arealplanar.

- Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til ekstrem vind avklarast, spesielt er dette aktuelt for tiltak i eller nær sjø. Elles er teknisk forskrift styrande for dimensjoner og tåleevne.

Ekstrem nedbør

Meir enn 70 mm nedbør i løpet av eit døgn på kysten vert rekna som ekstremnedbør. Ekstrem nedbør vil generelt ikkje føre til omfattande skadar i Hordaland og Bømlo. Ekstremnedbør kan vere ein medverkande faktor til flaum og ras/skred. Viktige tiltak knytt til arealplan er å sikre rimeleg store område med grønt- og skogsareal i nær tilknytning til bustadområde som eit førebyggjande tiltak mot skade.

- Større grøntareal kring bustadområde (LNF-område, grønstruktur) i kommuneplan. Intern føremålslokalisering i reguleringsplan.

Flaum

I følge FylkesROS er risiko for flaum i vassdrag i ytre delar av Hordaland fylke låg. ROS-analyse Bømlo syner til at sannsyn for flaumskader er lite sannsynleg og at flaum generelt ikkje er eit stort problem i kommunen/sterkt avgrensa konsekvens. Historiske flaumhendingar har ofte vore knytt til

kortare periodar som har ført til hindring av trafikk, samt overfløyning av eng, men for eit kortare tidsrom.

- Potensialet for flaum og flaumskadar er eit faremoment som må avklarast i reguleringsplan eller ved byggesøknad der dette er aktuelt.

Høg vasstand

Høg vasstand oppstår som ein kombinasjon av høg springflo og høg stormflo. Eksisterande busetnad og tiltak ved sjø kan bli skada av høg vasstand. ROS-analyse Bømlo syner til at høg vasstand ikkje medfører ingen vesentlege problem.

- Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til høg vasstand avklarast. Elles er teknisk forskrift styrande for dimensjoner og tåleevne.

Radon

Det er gjennomført radon-målingar i Bømlo i 2000/2001. Det vart ikkje funne radonverdiar over 400 Bq/m³, og berre 1 % av bustadane hadde radonverdiar over 200 Bq/m³. Ut frå kart over berggrunn er det grunn til å vere merksam på radon i område der ein finn alunskifer, uranrike granittar, i lausmassar og på morenegrunn.

- Teknisk forskrift sett krav til at bygg er sikra mot radon. Dette ved at det er gjennomført radon-målingar som syner verdiar under tiltaksnivå eller at byggegrunn vert sikra mot radon inntrenging.

Skog- og lyngbrann

Store deler av kommunen består av skog og lyngområde og dermed tilhøyrande sårbarheit for brann. I ROS-analyse Bømlo er det kommentert at ein normalt ikkje er mykje plaga av skogbrann i kommunen, men at større og mindre skog- og grasbrannar oppstår likevel år om annan.

- Nokre eksisterande og nye bustadfelt ligg tett opp til større skog- og lyngområde.

4.12.2 Verksemdrisiko

Støy

Støyvarslingskart frå Statens vegvesen (2010) er nytta for å vurdere risiko for støyplager for eksisterande og nye byggeareal i kommuneplanen. Støyvarslingskartet er vedlegg til planen.

- Ingen nye areal vert plassert innanfor raud sone i støyvarslingskartet mot veg. Det er generell byggegrense mot veg som også vil medverka til at risiko for støyplagar vert redusert.
- Omfang av nye areal totalt vil venteleg ikkje medføra store endringar i støyvarslingskartet.
- Støysone kring skytebane på Gilje er vist i plankart med omsynssone H210 og H220.
- Det vert ikkje lagt til rette for ny busetnad eller anna støyfølsam arealbruk innanfor støysona frå skytebanene i kommunen.

PBL gjennom kommuneplanen og retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, gir retningslinjer for grenser for støy frå mellom anna næringsverksemdar. Samstundes sett forureiningslova og Teknisk forskrift krav i høve til støynivå for ulike tiltak.

Det er fleire eksisterande næringsareal i Bømlo kommune. Det er fleire næringsareal og bedrifter som kan ha støyande aktivitetar for nærmiljøet. Det er ikkje gjennomført kartlegging av støy frå næringsområde i kommunen.

- Det er lagt til rette for fleire nye område og utviding av eksisterande næringsområde i planframlegget. Det vert føreset at kvar enkelt bedrift følgjer retningslinje T-1442 og forureiningslova.

Utslepp av farleg gods og olje

Det vert transportert forholdsvis lite farleg gods i Bømlo, men den mest belasta strekninga er riksvegen frå Føyne og fram til Rubbestadneset.

Bømlo er del av eit interkommunalt olje- og beredskapsnettverk, IUA Nord Rogaland/Sunnhordland. Dette nettverket består av 15 kommunar. Det er utarbeidd beredskapsplan for handtering av akutt forureining.

- Den totale belastninga av nye forureinande verksemder i planframlegget er vurdert til å vere låg. Nye industri/næringsområde er i hovudsak knytt til eksisterande bedrifter eller nye areal som ikkje ligg i nærleiken av sårbare naturområde (dvs. registrerte naturtypar eller viltområde).

Brot på hovudkommunikasjonsnett (Veganlegg/ bruer/ tunnelar /ferjekai)

Hovudårsak til brot på vegnettet er knytt til sterk vind slik at bruene til Stord og ferjesambandet Buavåg-Langevåg vert stengd. Stengingar vil normalt vera kortvarig og konsekvensane såleis relativt små.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av hovudkommunikasjonsnett, dvs. samfunnsviktige funksjonar.

Bortfall av straum og drikkevatn

Straumbrot på inntil fire timar vil ikkje få dramatiske konsekvensar for liv, helse eller miljø så lenge reservesystema fungerer godt.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av straum eller telekommunikasjonar.

Kommunen har eigen plan for prioritering av straum i samarbeid med lokalt energiverk i situasjonar der det er fare for sonevis utkopling av straum, rasjnering av straum. Det er elles knytt egne internkontrollsystem for vassforsyningsdrifta og det er utarbeidd hovudplan og beredskapsplan for vassforsyninga.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av vassforsyning.
- Nedslagsfelta for vassforsyningsanlegga er sikra gjennom sikringszone “*nedslagsfelt drikkevatn*” og føremål “*drikkevatn*”.
- Det er ikkje lagt til rette for nye areal innanfor “*nedslagsfelt drikkevatn*”.

Trafikkulukke

I ROS-analyse for Bømlo er det skissert at trafikkulukker medfører til om lag ei dødsulukke årleg og om lag 25 skadde.

- Planen opp til fleire nye bustadeiningar, samstundes er det fleire ledige einingar innanfor eksisterande areal. Auka trafikk og belastning på “dårlege og smale” vegar vil kunne føre til auka risiko for trafikkulukke.
- Ved enkeltstående reguleringsplanarbeid eller byggesøknad skal veg- og kryssløysningar skisserast og planleggast.
- Nye og forbetring av vegtrasear, samt G/S-vegar er synt i plankartet (jf. Bømlopakken og trafikksikringsplan)

Ulukke på sjø

Bruk av sjø og vatn både til transport (lasteskip, ferje og snøggått) og fritidsaktivitetar (fritidsbåtar) er høg i kommunen. I tillegg passerer større passasjerskip og lasteskip sjøområda i og kring kommunen.

- Revidert kommuneplan legg opp til fleire areal knytt til sjø og sjøaktivitetar, i hovudsak fritidsaktivitetar, men også næring. Auka bruk av sjøareala må forventast å gi auka risiko for ulukke.
- Det er sett krav til utarbeiding av detaljplan og ROS-analyse for alle nye småbåthamner, samt næringsområde som har sjøtilknytning.

Vedlegg til planomtalen

1. Støyvarslingskart: Støyvarselkart i henhold til T-1442, Bømlo kommune - del I Nord og del II Sør. Statens vegvesen, region vest. Desember 2010.
2. Utdrag fra sak og vedtak i Utval for areal og samferdsel, PS 80/11.

Vedlegg 2.

Utdrag frå sak og vedtak, 31.08.2012, PS 80/11:
Arealdelen til kommuneplanen vedteken i Utval for areal og samferdsel

Arealdelen til kommuneplanen 2011 - 2023

Felles interesser:

Hovudoppgåva til den offentlege arealforvaltninga er å sikre viktige samfunnsinteresser (trafikkareal, offentlege bygg o.a. nødvendig arealbruk) - og at fellesverdier - kvalitetar som er viktige for oss alle, vert forvalta godt over tid slik at dei ikkje går tapt.

Allemannsretten er sentral. Folk skal fritt kunne gå i skog og utmark.

Ei av kommunen sine mange oppgåver er å ta eit administrativt og politisk ansvar for å sikra innbyggjarane ei forsvarleg forvaltning av felles ressursar, verdier og kvalitetar. Dette handlar om ei langsiktig og berekraftig ressursforvaltning til beste for våre innbyggjarar - no og for komande generasjonar.

Utbyggingsstruktur:

Bømlo har ein spreidd utbyggingsstruktur. Vegstrukturen er godt utbygd på Bømlo og seinare utvikling/byggeaktivitet har i stor grad skjedd etter etablert vegstruktur, "vegkryss" (knutepunkt) og handels- og industrietader ved sjøen.

Utbygging av offentleg infrastruktur bør difor først og fremst knytast opp til dominerande samferdselsstruktur - og til kommune- og delsentra. Ny næringsutvikling bør og prioriterast opp mot denne grunnstrukturen.

Det er viktig å leggja til rette for utviding av eksisterande industriareal. Særs viktig å sikra tilstrekkeleg tilkomst til sjø i eksempelvis Rubbestadneset.

Å kunne bu meir grønt er ein av dei fordelane me har i ein distriktskommune. Kommuneplanen vil leggje til rette for at dette også er mogleg.

Kommunen er nøydd å prioritere område der investering, drift og vedlikehald vil tene flest mogleg av innbyggjarane - det vil først og fremst sei til vår delsentra.

Det er ein del ting me bør vera merksame på når me opnar for spreidd busetnad:

- Dyrka eller dyrkbar mark bør generelt ikkje byggjast ned - og skal ikkje byggjast ned i prioriterte område for landbruk.
- Utbyggjar må sjølv syte for tilfredstillande infrastruktur i samsvar med lovverk og kommunale retningslinjer (veg, vatn, avløp etc.).
- Utbyggjar må ta omsyn til terreng/landskap, eksisterande bygningsmiljø, kultur og naboforhold.

Behovet for bustader:

Ut i frå folketalsutviklinga i kommunen vil det vera eit stort behov for nye bustader i langtidsperioden.

Det er ekstra viktig å leggja til rette for utbygging av bustader også i skulekrinsane utanom Moster og Svortland, for å kunne utnytta eksisterande kapasitet også i desse skulekrinsane.

Det er viktig å leggja til rette for at hovudfartsåra inn til Bømlo ikkje får for mange avkøyringar og at den ikkje blir innebygd av nye bygningar.

Den kommunale forvaltninga skal ikkje ha ein praksis som er unødig rigid i høve til ståande bygningsmasse og heller ikkje for bygningsmasse som ikkje ligg i "rett" planføremålskategori etter plan- og bygningslova. Når ein grunneigar har fått aksept for eit byggetiltak, innan for gjeldande regelverk, vil det generelt vera urimeleg om offentlege styresmakter i etterkant legg sterke restriksjonar mot tiltak som direkte samsvarar med det føremålet det i utgangspunktet vart gjeve løyve til. T.d. om ein ønskjer påbygg på eit bustadhus, eller byggje garasje til bustaden. Arealdelen har difor tilpassa retningslinjer som opnar for dette.

Konklusjon:

Føremålet med rammene er å sikre ei langsiktig god forvaltning og utvikling i lokalmiljøa og for samfunnet samla. Me må ta vare på kvalitetane i lokalsamfunna.

Politikk og forvaltning må bidra til at også andre kvalitetar vert ivaretatt - og som gjer at folk trivst og har det godt i kommunen vår.

Strandsona:

Bømlo har ein fantastisk natur og ein rik kystkultur med attraktive turområde både i nærmiljøa og i større friluftsområde, særleg knytt til sjø og båtliv. Denne verdien er viktig både nasjonalt, regionalt - og ikkje minst lokalt. Dei siste åra har strandområde blitt utbygd på ein måte som har skapt stor trivsel og bidrege til mykje positiv aktivitet i kommunen.

Går ein med båt langs strandlinja finn ein mange flotte vikar og strender. Dette skal me fortsette å ta vare på. På veglause øyar skal me være spesielt varsame med å byggje ut.

Det er av stor verdi for innbyggjarane på Bømlo å ha tilgong til sjø. Ein må difor leggje til rette areal for småbåthamner og servicebygg.

Så langt som råd skal det være ope for fri ferdsel langs sjø/bryggekant.

Historisk kystkultur i forfall:

Nokre stader finn me eldre bygningsmiljø som ligg til sjø og som meir eller mindre er i forfall. På mange måtar ligg mykje av vår identitet og kulturhistorie her.

Utgangspunktet for desse småsamfunna var næringsaktivitet knytt til sjø. Me ser no ei utfordring i å oppretthalde folketalet på desse plassane, få i gang ny aktivitet og sikre berekraftig vedlikehald av verdfulle miljø, som har både kulturelle, sosiale og næringsmessige kvalitetar.

Desse perlene må me ta eit større ansvar for, og me må bidra til å gje dei ei berekraftig framtid. Ikkje gjennom "einsidig vern", men kanskje først og fremst gjennom aktiv bruk. Skal nokon vera motiverte til ta vare på gamle bygg og anlegg så må ein også kunne bruke desse verdiane til nye føremål - og kunne utvikle nærmiljøet vidare innafor dei rammene desse kulturhistoriske verdiane krev.

Alternativet blir gjerne forfall fordi ingen finn god nok grunn til å ta ansvar for vedlikehald og etablering av ny aktivitet. Me kan ikkje sjå at offentleg forvaltning framover vil ha ressursar til å gje

desse verdiane eit "totalitært vern" der bruk vert avgrensa til historisk aktivitet, som i dag ikkje er økonomisk bærekraftig. Ved å la fastbuande og næringsliv få hand om og forvalte desse verdiane, innafor kulturhistoriske og økonomisk bærekraftige rammer, kan me ha håp om få meir liv i grendene også i vinterhalvåret (t.d. bustadføremål, utleige, næringsverksemd, felles forsamlingslokale etc.).

Attgroing:

For å redusera attgroing skal det utarbeidast eit eige kart som viser kor innbyggjarane kan få ta ut trevirke på kommunal grunn. Sentrumsnære område og langs med vegar skal prioriteras. Det skal på kartet setjast krav til opprydding av greiner og avfall.

Kommunesenter og delsentra:

Me må sørgje for å leggje til rette for eit sterkt kommunesenter, aktive delsentra og levande bygder.

Felles identitetar:

I Bømlo finst det mange gode identitetar. Nokre av dei er allment kjent og lett å registrera -og desse kvalitetane må me også få høve til å nyte godt av i framtida. Me må ikkje etablera eit rigid vern som stoppar utvikling og verdiskaping, men me må inkludere denne verdien når framtida skal formast.

Nokre av dei viktige allmenne identitetane på Bømlo:

- Siggjo
- Moster Amfi og Moster gamle kyrkje
- Brandasund
- Espevær
- Røyksundkanalen og Kulleseidkanalen
- Hiskjo og Hiskholmen
- Gullgruvene
- Steinriket Bømlo

Kommunal samfunnsoppgåve:

"Natur og kultur er grunnlaget for utforming og utvikling av landskapet. Bømlo kommune skal hjelpe fram ny og positiv aktivitet - men med respekt for natur og lokal kultur som er sentrale element i vår identitet. Ein identitet som er avgjerande for vår trivsel og kjensla av å høyra til".

Tiltak:

A. Planarbeid generelt og arealplanar må ha ei klar retning og tydeleg ramme for detaljplanlegging og utvikling.

B. Områdeplanar for Røyksundkanalen og Kulleseid/Bærøyfjorden bør utarbeidast snarast råd.

C. For å ivareta eit flott kulturlandskap, lokalt særpreg og lokal tilpassing bør mindre bygdemiljø i større grad definerast som planføremålet "LNF-område med spreidd bustadbygging", med tilpassa føresegnar som sikrar lokale kvalitetar.

D. Funksjonell strandsone bør innarbeidast i framtidig planarbeid.

E. Kulturhistoriske verdiar må i større grad "sjølvfinansierast" med eit prinsipp om "vern gjennom bruk". Føremålet bør definerast særskilt i arealdelen og med funksjonelle føresegnar og retningslinjer som opnar for aktivitet, men som samtidig sikrar lokale verdiar.

F. Arealdelen skal ha retningslinjer som opnar for påbygg, garasje etc. i samsvar med tidlegare aksept og bruksløyve, sjølv om tiltaket ikkje direkte samsvarar med gjeldande planføremål i dag.

Prioritering og målsetting i arealdelen:

- Attraktive nærmiljø
- Vera ein attraktiv kommune for tilflytting og nyetablering av næringsaktivitet
- Tilgang/nærleik til sjø skal vera ein sentral attraksjon for å auka busetnad på Bømlo
- Ivareta natur- og kulturverdiar som er særleine for Bømlo og styrkje lokal identitet
- Tilrettelegging for meir fysisk aktivitet og sosial kontakt (attraktiv grønstruktur/stiar og friluftsområde, idrett, sosiale samlingsplassar)
- Bærekraftig utvikling
- Rasjonell infrastruktur
- Utarbeiding av områdeplanar for delsentra og viktige allmenne identitetar. I planperioden bør Svortland prioriterast først, deretter Røyksundkanalen og Kulleseidkanalen/ Bærøyfjorden.